
Til: Y-nemnda, Hovudutval for opplæring og kompetanse, Hovudutval for næring,
Fylkesutvalet og Fylkestinget

Frå: Fylkesdirektøren

Det fylkeskommunale tilskotet til eigne fagskular

Vestland fylkeskommunen ved fylkesutvalet har i møte 09.02.2021 vedteke ei bestilling av sak om eigarstyringa av fagskulen i Vestland som følgjer:

Vedtak

Uttale/bestilling av sak: Fagskulen i Vestland

I samband med samanslåinga av fagskulane i Sogn og Fjordane og Hordaland, er det etablert eit eige prosjektstyre. Fagskulen i Vestland blir den nest største fagskulen i landet. Arbeidet er omfattande og det er difor avgjerande at roller og ansvar er så tydeleg som mogeleg. Då må grensesnittet mot opplæringsavdelinga i Vestland fylke vera avklart.

Fylkesutvalet ber om ei sak om eigarstyring av Fagskulen i Vestland. I saka ber ein fylkesdirektøren fremja eit delegasjonsdokument som regulerer forholdet og fordeling av myndighet mellom fagskulestyret/rektor og fylkesadministrasjonen. Rolla til fylkesadministrasjonen og fylkestinget som skuleigar og den organisatoriske plasseringen av fagskulen i fylkeskommunen, bør også drøftast.

Vidare bør saka sjå nærmere på størrelsen på den fylkeskommunale delen av fagskulen sitt budsjett, samt størrelsen på Vestland fylkeskommune sitt bidrag relativt til andre fylkeskommunale fagskular i landet.

Saka skal leggjast fram for politisk handsaming hausten 2021. Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland skal gje uttale til saka før politisk behandling.

Denne meldinga vil svare på spørsmål om storleiken på det fylkeskommunale tilskotet til fagskulane i Vestland fylkeskommune, samt fylkeskommunen sitt bidrag relativt til andre fylkeskommunale fagskular i landet.

Tilskot til dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland fylkeskommune 2021

I 2021 var det til saman løyvd kr 143,3 mill. til dei to fylkeskommunale fagskulane med følgjande fordeling:

| Fagskule | Fylkeskommunal t tilskot 2021 | Statleg tilskot 2021 | Sum |
|------------------------------|----------------------------------|-------------------------|-------------|
| Fagskulen i Sogn og Fjordane | 9 500 000 | 18 200 000 | 27 700 000 |
| Fagskolen i Hordaland | 11 900 000 | 103 700 000 | 115 600 000 |

Tabell 1: Fylkeskommunalt og statleg tilskot i 2021 fordelt på Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland.

For Fagskulen i Sogn og Fjordane utgjer det fylkeskommunale tilskotet 34,3 % av det samla tilskotet for 2021, medan det for Fagskolen i Hordaland utgjer 10,3 %. Sjølv om det er stor forskjell i idelen av det fylkeskommunale tilskotet mellom dei to fagskulane har det vore eit viktig tilskot i høve til veksten av studentar og tilbod for begge. Til dømes er ein klasse på heiltid innan dei tekniske faga ved Fagskolen i Hordaland rekna til å koste om lag 2 mill. i året, og det fylkeskommunale tilskotet sørger for tilbod om 6 fleire klassar årleg enn kva det ville ha vore med berre eit statleg tilskot. Ved Fagskulen i Sogn og Fjordane har det fylkeskommunale tilskotet vore avgjerande for drifta.

Det fylkeskommunale tilskotet i Vestland relativt til andre fylkeskommunale fagskulalar

Tabell 2 under viser kva dei 11 fylkeskommunane har løyvd i fylkeskommunalt og statleg tilskot til fagskulalar i 2020, samt talet på fagskulalar som det samla tilskotet har vore fordelt til (både offentleg og privat). Tabellen syner ikkje kva fagskulalar som har motteke fylkeskommunalt tilskot, men dette kjem fram av tabell 3 lengre nede i meldinga. Tabell 2 syner også fylkeskommunal del av det samla tilskotet.

| Fylkeskommune | 2020 | | | |
|--|-------------------------------|--|---------------------------|---|
| | Tilskot frå Fylkeskommunen | Tilskot frå Kunnskapsdepartemente t (via DIKU) | Totalt tal fagskulalar | Fylkeskommuna l del av totalt tilskot (%) |
| Agder fylkeskommune | | 56 651 322 | 4 | 0,0 |
| Innlandet fylkeskommune | | 61 821 405 | 4 | 0,0 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 15 989 000 | 44 509 000 | 4 | 26,4 |
| Nordland fylkeskommune | 9 308 418 | 25 117 000 | 2 | 27,0 |
| Oslo fylkeskommune | | 128 213 782 | 9 | 0,0 |
| Rogaland fylkeskommune | 8 073 282 | 75 073 705 | 3 | 9,7 |
| Troms og Finnmark fylkeskommune | 23 185 305 | 33 300 000 | 6 | 41,0 |
| Trøndelag fylkeskommune | 10 474 499 | 67 856 049 | 11 | 13,4 |
| Vestfold og Telemark fylkeskommune | | 68 187 083 | 5 | 0,0 |
| Vestland fylkeskommune | 21 110 196 | 122 379 188 | 6 | 14,7 |
| Viken fylkeskommune | 15 107 258 | 103 964 149 | 11 | 12,7 |
| Sum | 103 247 958 | 787 072 683 | 65 | |

Tabell 2: Oversikt over fylkeskommunalt og statleg tilskot til fagskulalar frå fylkeskommunane i 2020 (kjelde: DBH-F).

Vidare viser tabell 2 at det var fire fylkeskommunar som ikkje gav eit fylkeskommunalt tilskot i 2020, og at det er Oslo og Vestland fylkeskommunar som har det største statlege tilskotet. Den fylkeskommunen som har løyvd mest fylkeskommunalt tilskot er Troms og Finnmark fylkeskommune med kr 23,1 mill., og nest etter er Vestland fylkeskommune med ei løyving på kr 21,1 mill. Troms og Finnmark er også den fylkeskommunen som gjev høgast del fylkeskommunalt tilskot i høve til det samla tilskotet i fylket (41 %), etterfølgt av Nordland og Møre og Romsdal fylkeskommunar med høvesvis 27 og 26,4 %. Vestland fylkeskommune er nummer 4 med 14,7 %, og er om lag på same nivå som Trøndelag og Viken fylkeskommunar (høvesvis 13,4 og 12,7 %).

Tabell 3 under viser fylkeskommunale fagskular som har fått fylkeskommunalt tilskot i 2020.

| Fagskule | 2020 | | | |
|--------------------------------|----------------------------|---|---------------|--|
| | Tilskot frå Fylkeskommunen | Tilskot frå Kunnskapsdepartementet (via DIKU) | Samla tilskot | Del fylkeskommunalt av samla tilskot (%) |
| Chr. Thams fagskole | 794 912 | 3 718 169 | 4 513 081 | 17,6 |
| Fagskolen i Hordaland | 11 745 196 | 91 515 681 | 103 260 877 | 11,4 |
| Fagskolen i Kirkenes | 2 636 963 | 1 418 017 | 4 054 980 | 65,0 |
| Fagskolen i Kristiansund | 1 467 000 | 8 484 000 | 9 951 000 | 14,7 |
| Fagskolen i Troms | 18 214 496 | 28 511 200 | 46 725 696 | 39,0 |
| Fagskolen i Viken* | | 36 642 331 | 36 642 331 | 0,0 |
| Fagskolen i Østfold | 7 645 450 | 12 334 550 | 19 980 000 | 38,3 |
| Fagskolen i Ålesund | 14 522 000 | 29 822 000 | 44 344 000 | 32,7 |
| Fagskolen Oslo | 2 481 233 | 47 473 438 | 49 954 671 | 5,0 |
| Fagskolen Rogaland | 7 454 282 | 46 486 975 | 53 941 257 | 13,8 |
| Fagskolen Tinius Olsen | 4 980 575 | 12 767 563 | 17 748 138 | 28,1 |
| Fagskulen i Sogn og Fjordane | 9 365 000 | 17 361 512 | 26 726 512 | 35,0 |
| Gauldal fagskole | 184 138 | 1 033 392 | 1 217 530 | 15,1 |
| Kunstskolen i Stavanger AS | 619 000 | 5 474 400 | 6 093 400 | 10,2 |
| Levanger Fagskole | 286 037 | 1 285 425 | 1 571 462 | 18,2 |
| Nordkapp maritime fagskole | 2 333 846 | 1 418 016 | 3 751 862 | 62,2 |
| Nordland fagskole | 9 308 418 | 23 212 486 | 32 520 904 | 28,6 |
| Steinkjer fagskole | 469 580 | 2 837 946 | 3 307 526 | 14,2 |
| Stjørdal fagskole | 1 529 510 | 8 362 272 | 9 891 782 | 15,5 |
| Trondheim fagskole | 2 245 692 | 13 412 839 | 15 658 531 | 14,3 |
| Trøndelag høyere yrkesfagskole | 4 364 375 | 27 881 773 | 32 246 148 | 13,5 |
| Ytre Namdal fagskole | 600 255 | 3 533 342 | 4 133 597 | 14,5 |

Tabell 3: Oversikt over fagskulane med både fylkeskommunalt og statleg tilskot i 2020 (kjelde: DBH-F).
 *Fagskolen i Viken er ei samanslåing av Fagskolen i Østfold, Akershus sin del av Fagskolen Oslo-Akershus, og Fagskolen Tinius Olsen i Kongsberg, det fylkeskommunale tilskotet er rapportert ved dei tidlegare einingane.

Fagskolen i Troms er den fagskulen som fekk det høgaste fylkeskommunale tilskotet i 2020 med kr 18,2 mill., etterføgt av Fagskolen i Viken (etter samanslåing) med kr 15,1 mill. Fagskolen i Hordaland er nummer 4 og Fagskulen i Sogn og Fjordane er nummer 5. I høve til del fylkeskommunalt tilskot er det Fagskolen i Kirkenes og Nordkapp maritime fagskole som har høgast del fylkeskommunalt tilskot med høvesvis 65 og 62,2 %. Dette kjem også fram av tabell 4 under.

| Fagskule | 2020 | |
|--------------------------------|----------------------|---|
| | Samla tilskot | Del fylkeskommunalt av samla tilskot (%) |
| Fagskolen i Kirkenes | 4 054 980 | 65,0 |
| Nordkapp maritime fagskole | 3 751 862 | 62,2 |
| Fagskolen i Troms | 46 725 696 | 39,0 |
| Fagskulen i Sogn og Fjordane | 26 726 512 | 35,0 |
| Fagskolen i Ålesund | 44 344 000 | 32,7 |
| Fagskolen i Viken* | 71 983 920 | 29,2 |
| Nordland fagskole | 32 520 904 | 28,6 |
| Levanger Fagskole | 1 571 462 | 18,2 |
| Chr. Thams fagskole | 4 513 081 | 17,6 |
| Stjørdal fagskole | 9 891 782 | 15,5 |
| Gauldal fagskole | 1 217 530 | 15,1 |
| Fagskolen i Kristiansund | 9 951 000 | 14,7 |
| Ytre Namdal fagskole | 4 133 597 | 14,5 |
| Trondheim fagskole | 15 658 531 | 14,3 |
| Steinkjer fagskole | 3 307 526 | 14,2 |
| Fagskolen Rogaland | 53 941 257 | 13,8 |
| Trøndelag høyere yrkesfagskole | 32 246 148 | 13,5 |
| Fagskolen i Hordaland | 103 260 877 | 11,4 |

Tabell 4: Prosentdel av det samla tilskotet for fagskulane som har motteke fylkeskommunalt tilskot i 2020 (Kjelde: DBH-F).
 *Fagskolen i Viken er slått saman i denne tabellen.

Som nemnt er det fire fylkeskommunar som ikkje har gjeve tilskot til fylkeskommunale fagskulane i 2020, og tabell 5 under syner kva fagskulane som berre har motteke statleg tilskot.

| Fagskule | 2020 |
|--------------------------------|--|
| | Tilskot frå Kunnskapsdepartementet (via DIKU) |
| Fagskolen i Agder | 43 089 000 |
| Fagskolen Innlandet | 62 982 070 |
| Fagskolen Oslo | 47 473 438 |
| Fagskolen Vestfold og Telemark | 53 327 083 |

Tabell 5: Fylkeskommunale fagskulane som ikkje har motteke fylkeskommunalt tilskot i 2020 (Kjelde: DBH-F).

For dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune er det fylkeskommunale tilskotet berre tilskot til drift av utdanningane, medan kostnader knytt til husleige, reinhald, noko IKT, straum og varme, kjem i tillegg til dette. Dei nemnte driftskostnadene knytt til skulebygg vert dekt av fylkesadministrasjonen i Vestland fylkeskommune. I samband med denne meldinga har det også blitt undersøkt kva det fylkeskommunale tilskotet dekker ved dei andre fylkeskommunale fagskulane, og trenden er i all hovudsak den same som i Vestland fylkeskommune.

